

Vil du delta i Mammografi-programmet?

(This letter contains important information about breast cancer screening. For more information in English and other languages: krefregisteret.no/en/mammography)

I Noreg får alle kvinner i alderen 50 til 69 år år automatisk tilbod om røntgenundersøking av brysta, såkalla mammografiscreening, kvart anna år. Formålet er å oppdage brystkreft i eit tidleg stadium, for at færre kvinner skal dø av sjukdomen. Mammografi-programmet er eit offentleg tilbod som vert leia av Krefregisteret. Det er frivillig å delta.

Reservert tid:

Stad:

Dersom du ikkje vil nytte dette tilbodet, eller vil endre timen:

Gje gjerne beskjed om du ikkje kjem, da kan andre bruke timen.

Når du skal avgjere om du vil nytte dette tilbodet, rår vi til å lese faktaarket som er lagt ved.



Sjå også nettsidene våre krefregisteret.no/mammografi.

Med vennleg helsing

Solveig Hofvind

Solveig Hofvind,
leiar for Mammografi-programmet

Snu arket for å lese om betaling, førebuing og praktiske forhold ved undersøkinga.





Ring dersom du:

- Har **teke mammografi** i løpet av dei siste seks månadane.
- Går til **behandling/kontroll** etter brystkreftoperasjon (dersom du har avtale med legen din om at nokon av kontrollane skal gjerast i Mammografiprogrammet, treng du ikkje ringe).
- Er **rullestolbrukar**, har andre **funksjonshemmingar** eller **behov for tilrettelegging**.



Betaling og reisekostnadar

- **Pris kr.**
- Beløpet er ikkje del av frikortordninga.
- Vi vil helst at du betalar med bankkort. Bankgiro er også mogleg.
- Du må sjølv dekke reisekostnadar. Mammografiundersøkinga er ikkje del av ordninga for pasientreiser.



Korleis skal du førebu deg?

- Ikkje bruk hudkrem eller talkum i brystregionen den dagen du vert undersøkt. Kremar og talkum kan gjere det vanskeleg å vurdere bileta.
- Ver vennleg å ikkje bruke parfyme, då dette kan gje allergiske reaksjonar hos dei som utfører undersøkinga.



Korleis får du resultatet?

- Alle får skriftleg svar.
- Vanlegvis tek dette 2–4 veker.

Reservasjonsrett

Kreftregisteret registrerer relevante opplysningar knytt til screeningundersøkinga di, i samsvar med kreftregisterforskrifta. Opplysningane vert brukte i planlegging og til utsending av invitasjonar, og i kvalitetssikring, evaluering og forskning i Mammografiprogrammet. Opplysningar i Kreftregisteret kan samanstillast med andre offentlege register for å utarbeide statistikk eller for å gjere opplysningar tilgjengelege i samsvar med helseregisterlova.

Du har rett til å reservere deg mot at personopplysningane dine knytt til screeningundersøkingar med normalt funn vert lagra permanent i Kreftregisteret.

Informasjon om rettane dine, og korleis du kan reservere deg, finn du på nettsidene våre kreftregisteret.no/mammografi.

Ynskjer du ikkje invitasjonar?

Gje beskjed via nettsidene våre, eller ved å kontakte Kreftregisteret på tlf. 22 45 13 00 eller e-post mammografi@kreftregisteret.no.

Ikkje send fødselsnummer og helseopplysningar i e-post!



Følg oss gjerne på facebook

facebook.com/kreftsjekken